På spørsmålet om avisene gjer om innlegg til intern norm, altså normering innanfor eit skriftspråk og ikkje på tvers av skriftspråka, er svarfordelinga litt annleis. 16 % av avisene svarar at dei rettar innlegg etter interne rettskrivingsreglar, mens 84 % seier at dei ikkje gjer det. Det er altså litt vanlegare å normere innlegg enn å omsetja frå ei målform til ei anna, men tendensen er likevel tydeleg – dei fleste avisene normerer ikkje innsendt stoff, dei let innsendaren sjølv få velja korleis han eller ho vil uttrykkje seg, så lenge det ikkje dreier seg om openberre skrivefeil.

#### Kva for språk blir sensurert?

Mykje tyder på at det er dei radikale formene i bokmål som stiller svakast

normering av innsende innlegg. Kompetanse og kunnskap om normene og dei som brukar dei, kunne i større grad ha vori brukt til å få fram språkleg mangfald, ikkje det motsette.

Det er òg verd å merke seg at bokmålstekstar er utsette for ei stilistisk normering som ikkje ser ut til å gjelde for nynorsk i same grad. Av bokmålsavisene seier 43 % at dei brukar ulike delar av rettskrivinga i bokmål til ulike typar saker og sjangrar. Sjølv i aviser som redaksjonelt praktiserer ei stram og konservativ norm, er det lov å nytte radikale former dersom det verkar «naturleg» i samanhengen. Det ser ikkje ut til at nynorsken på same måte blir utsett for ei slik stilistisk vurdering. Når nynorsken i avisa varierer, er det som oftast knytt til journalisten som skriv, ikkje til saksområdet eller til om

- 
- «Det er avleggs å omsetja eit lesarinnlegg frå ei målform til ei anna.»

språket i seg sjølv eignar seg til å skildre eit emne eller ikkje. Når den radikale delen av bokmålsrettskrivinga på denne måten er knytt til stil, saker og sjangrar i nokre aviser, kan det kanskje forklare kvifor nokre aviser òg rettar lesarinnlegg på bokmål etter same prinsipp. Det finst aviser som prinsipielt rettar alle lesarinnlegg på bokmål til ei moderat norm, men dei tillèt fleire radikale former dersom innlegget handlar om språk eller språknormering. Grunngevinga er at val av språkform i desse tilfella er med på å underbygge synspunkta innsendaren måtte ha om språklege emne.

At avisene normerer det redaksjonelle stoffet, kjem ein ikkje forbi, men dei fleste norske avisredaksjonar har ein intensjon om å trykkje innlegg slik innsendaren vil ha det, sjølv om norma eller målforma innsendaren nyttar, bryt med redaksjonell praksis. Redaksjonen ønskjer på den måten å ta vare på meiningane til lesarane på alle nivå, slik at alle aspekt ved eit skriftleg innlegg blir synlege i den meiningsskapande fellesskapen som ei avis òg er. Det er sjølvsagt forståeleg at mange aviser har fåe ressursar, og at det kan vera vanskeleg å rette ein innsend tekst dersom innsendaren ikkje er særleg bevisst på eige språk og kva for former



● «Mykje tyder på at det er dei radikale formene i bokmål som blir retta mest i innsende innlegg.»

#### Aktuell debatt

Det siste halve året har det vori lesarinnlegg i både Aftenposten og Morgenbladet som tek opp spørsmål kring språknormering og språksensur. Lesarar som har skrivi innlegg i desse to avisene, har reagert på at dei ikkje kjenner igjen språkforma i innlegga når dei kjem på trykk. Dette gjeld debattantar som bevisst har valt å skrive som dei gjer, og som brukar former som er innanfor offisiell rettskriving, men som likevel skil seg frå dei interne reglane til Aftenposten og Morgenbladet. Svaret dei har fått frå avisredaksjonane, er at språket er endra etter dei interne rettskrivingsreglane avisa følgjer: «Endringene er gjort i samsvar med avisens språknormering.»

Eg spør meg sjølv om det dreier seg om språksensur snarare enn språknormering når ei avis rettar lesarinnlegg.

han eller ho nyttar. Men når bevisste skribentar med eit gjennomført skriftspråk ber om å få innlegg trykte slik dei opphavleg blei skrivne, bør det vera rimeleg at ein avisredaksjon innfrir ønsket trass i at avisa sjølv følgjer ei anna linje i det redaksjonelle stoffet. For skriftspråk er som kjent ikkje berre kommunikasjon – skriftspråk er òg tankar, haldningar og verdiar. Dersom vi ønskjer ytringsfridom og demokrati, også når det gjeld språk, er språksensur svært uheldig.



Ingunn Indrebø Ims er cand.philol. med hovudfag i nordiske språk. Ho er redaksjonsassistent i Norsk Ordbok 2014.

# You look great!

## Holdninger til bruk av engelsk i reklame

Engelske slagord blir daglig rettet mot norske forbrukere, og kanskje spesielt mot unge mennesker. Hva synes de egentlig om det? En ny masteroppgave avdekker holdninger blant unge i Trondheim.

■ ANETTE OTERHOLT BERGSLAND



Engelsk har fått stadig større plass i det norske samfunnet, og reklame er et av mange områder der nordmenn eksponeres for engelsk. Reklameinnslag på tv, i radioen, reklame i postkassa og plakater i byen – det er ikke vanskelig å finne eksempler på hvordan engelsk brukes i reklame rettet mot norske forbrukere. Det er kanskje særlig i forbindelse med *noen* produkter og *noen* målgrupper engelske reklameuttrykk ofte blir benyttet, og unge mennesker ser her ut til å være en sentral målgruppe. I masteroppgaven min har jeg blant annet undersøkt hvilke holdninger ungdom og unge voksne har til bruk av engelsk i reklame. På den måten har jeg forsøkt å avdekke noe om hvilke *symbolske* verdier som gjerne knyttes til engelsk – til forskjell fra norsk.

### Holdninger

De jeg har intervjuet, elever i videregående skole i Trondheim og studenter

på masternivå ved universitetet i Trondheim, gir uttrykk for at de synes det er mye bruk av engelsk i reklame. Samtidig er de nokså ubevisste; de legger ikke så godt merke til reklamen, heller ikke når det brukes engelsk. Det kan ha sammenheng med mengden av reklame som florerer, men er nok også et uttrykk for den sentrale og «naturlige» posisjonen som engelsk har fått i det norske samfunnet. Vi er omgitt av så mye engelsk at det har blitt en «vanesak» å forholde seg til det.

Selv om ungdommene ikke alltid legger merke til reklame og språket i reklamen, er det likevel én holdning som er særlig framtrepende blant mine unge informanter: De opplever engelsk i reklame som noe positivt. Følgende sitater fra informantene kan illustrere dette:

«Mer positiv [til engelskspråklig reklame] fordi den med en gang utgir seg for å være up-to-date.»

«Jeg merker på meg selv at jeg får et mer positivt inntrykk av produktet i en internasjonal sammenheng ved at det blir reklamert på engelsk.»

Å bruke engelsk i reklame regner ungdommene som noe positivt. Produktet eller budskapet tjener på at det presenteres i engelskspråklig drakt, både i symbolsk og faktisk forstand. En reklame som skal skape en produktidentitet, vil kunne trekke veksler på det internasjonale aspektet ved engelsk, både i form av et internasjonalt marked og engelsk som et internasjonalt språk.

● «Det engelske språket blir en del av et identitetsuttrykk blant de unge.»

Det ser ut til at det å bruke engelsk i reklame vil gi produktet en fordel, fordi ungdommene forbinder engelsk med noe gunstig og verdifullt. De norsk-språklige reklamene blir i motsetning til de engelskspråklige i stor grad vurdert som kjedelige og gammeldagse – og i noen tilfeller harry, slik denne informantene uttrykker det:

«Norsk blir enkelt og kjedelig og vanskelig å finne på en fengende norsk reklamesetning for et produkt uten at det blir harry.»

#### Norsk reklame for norske produkter

Selv om ungdommene først og fremst gir uttrykk for at de oppfatter engelskspråklig reklame mer positivt enn norsk, er det likevel på ett område det kommer fram holdninger om at norsk bør brukes: Norske produkter bør ha norskspråklig reklame. I disse tilfellene bygger det norske språket opp om

produktets norske identitet, mens det engelske vil være et brudd med den. I disse tilfellene vurderer ungdommene bruken av engelsk som negativ fordi det kan virke som om en prøver å få produktet til å bli noe det ikke er. En av elevene svarer dette på om det alltid er en fordel å bruke engelsk i reklamen:

«Ikke nødvendigvis, nei nei nei! Det er dette med om man burde fornorske produktet eller ikke. Vi kan ikke ha brunostreklame med folk i bunad som sier 'Yummi, this tastes nice!'».

I undersøkelsen er det ikke mange som oppfatter det som negativt å bruke engelsk i reklame. I de sammenhengene hvor det blir ansett som en ulempe å bruke engelsk, er det hovedsakelig knyttet opp mot forståelse. Et engelskspråklig uttrykk hindrer dem som ikke har så stor kompetanse i engelsk, i å forstå reklamen. Men noen få av informantene trekker også fram at bruken av engelsk kan ha negative konsekvenser for det norske språket. Det kan gi inntrykk av at norsk ikke er et tilstrekkelig språk, og at flere engelske ord kommer inn i det norske språket. Et norsk språk kan også være en verdifull motvekt mot en stadig mer globalisert og ensrettet verden. Disse perspektivene er det imidlertid bare et mindretall som trekker fram.

#### Internasjonale assosiasjoner

Så hvorfor er de unge så positive til bruk av engelsk i reklame? I reklame er



det det konnotative innholdet ved språket som er viktig, fordi reklamen skal bidra til å overføre bestemte verdier til produktet. De assosiasjonene vi har til det språklige uttrykket, eller den symbolske verdien språket har, blir sentralt. På den måten vil de generelle holdningene til engelsk og norsk ha betydning for hvordan vi oppfatter bruk av språket i reklame. Ved å se på hva slags ord og formuleringer informantene bruker om engelsk og norsk, får vi et klart bilde som utdyper den positive holdningen ungdommene har til engelsk i reklame: Det er de positive assosiasjonene som er i klar overvekt når det gjelder engelsk. Engelsk er blant annet *moderne, in, trendy, hipt, interessant, moteriktig, internasjonalt, «catchy», fengende, kult, spennende og globalt*. For det norske språket er det de negative assosiasjonene som er i overvekt. Norsk er *kjedelig, gammeldags, enkelt, ikke så trendy, harry, traust, tregt, tradisjonelt og bondsk*, slik mine informanter ser det. I forholdet mellom engelsk og norsk er det dermed engelsk som kommer best ut. Engelsk blir forbundet med det moderne og internasjonale, og norsk blir da fort forbundet med det motsatte: det norske språket signaliserer hverdagslighet og det tradisjonelle. Det engelske språkets symbolske verdi blir totalt sett vurdert som mer verdifull når det sammenliknes med norsk, noe en av informantene mine er inne på:

### Tillit til norsk

«Jeg tror det har noe med å gjøre at det har mer kvalitet over seg hvis det er på engelsk. [...] Jeg tror ikke det er så mye negativt på norsk, men jeg tror den engelske reklamen er overlegen den norske. Nettopp på grunn av den effek-

ten den har, det er liksom noe mer fengende over engelsk.»

Sitatet er et eksempel på en oppfatning som går igjen i mitt materiale; engelsk oppfattes kort sagt som kulere og mer fengende enn norsk. Dette viser at et språk ikke er et nøytralt verktøy, men en kode en kan bruke for å sende ut visse signaler. Det har en symbolsk verdi, og den symbolverdien blir særlig sentral i reklamesammenheng, der det nettopp er assosiasjonene som står i fokus.

Det er likevel ikke *bare* negative verdier som assosieres med norsk. Ungdommene nevner også at det norske språket forbindes med noe *kjent og kjært*, det signaliserer *kvalitet* og er *autentisk*. Samtidig forbindes språket med *tradisjoner* og *det norske*, noe som av flere av ungdommene ser ut til å bli regnet som et kvalitetsstempel i seg selv. En har tilhørighet og identitet knyttet til det norske språket, og på den måten har en også tillit til det. Dette gjenspeiles i at ungdommene kommenterer at de i noen tilfeller vurderer norskspråklige reklamer som mer *pålitelige* enn engelskspråklige.

### Språket og identiteten

De positive holdningene til bruk av engelsk i reklame som de unge gir uttrykk for, bunner kanskje nettopp i det faktum at informantene er *unge*. En betydelig andel av for eksempel det engelskspråklige mediebildet, som TV-serier, musikk og film, er rettet mot ungdom, og de unges orientering i verden blir sentral for deres holdninger til engelsk. Nok et sitat kan være med på å illustrere dette:

«Jeg tror de fleste ungdommene er veldig engelskretta, og alle idolene

våre, alle idealene er retta mot den engelske verden.»

Engelsk blir en del av et identitetsuttrykk blant de unge, en kobling til den sfæren der de henter sine idealer. Fordi ungdom får så mye av sine impulser fra en engelskspråklig kultur, vil engelsk i reklame spille på den symbolske verdien fra denne kulturen. Reklamen prøver å bygge en identitet rundt produktet som tiltaler og appellerer til den unge forbrukeren, og ved å bruke

- 
- «Vi kan ikke ha brunostreklame med folk i bunad som sier 'Yummi, this tastes nice!'.»

engelsk spilles det på de assosiasjonene som de unge har til de miljøene der de møter det engelske språket.

Unge i dag er omgitt av engelskspråklige inntrykk gjennom ulike kanaler i samfunnet, og det er med på å bygge opp under den symbolske siden ved engelsk. Samtidig har de produktene vi omgir oss med i dagens forbrukersamfunn, i mye større grad blitt til *tegn* som forteller noe om forbrukeren. De blir del av større *fortellinger* som forbrukeren gjerne vil være en del av. I lys av dette er en av reklamens vesentlige oppgaver å skape en forbindelse mellom produktet og forbrukeren. Produktet skal være en del av den *identiteten* som forbrukeren ønsker å ha. De kulturelle kodene blir stadig viktigere, og tingenes symbolverdi får stadig større betydning. Fordi den immaterielle siden ved produktet, de konnotasjonene som er knyttet til produktet, er vesentlige i dagens forbrukssamfunn, vil også språkets konnotative side være med på å bygge opp,

bekreftede og forsterke denne siden ved produktet. Det språklige uttrykket blir en viktig bestanddel. Reklamen må bruke språket på en måte som *betyr noe* for mottakeren, og på den måten vil reklame være et område der en ser den symbolske verdien til et språk «i spill». Den symbolske verdien til engelsk vil bidra til å styrke forbindelsen mellom produktene og fortellingen om det internasjonale, moderne og kule. Holdningene blant dem jeg har intervjuet, antyder at den symbol-

ske verdien til norsk i mange tilfeller vil høre til fortellinger om det «norske» og tradisjonelle. Det å ta avstand fra det «gamle» blir i mange sammenhenger betraktet som en del av det å være ung. For de unge er det viktig å ha et identitetsuttrykk som meddeler at de er med i tiden, og på *det* punktet tyder min undersøkelse på at engelsk har en sterk signalkraft.

.....

Anette Oterholt Bergsland har mastergraden i nordisk språkvitenskap fra NTNU i Trondheim.

# Væpnet med gloser

Russisk under den kalde krigen. Bosnisk-kroatisk-serbisk på 90-tallet. Arabisk og afghanske språk etter tusenårsskiftet. Når gamle kriger avløses av nye, må norske soldater drilles i nye språk.

■ JOHAN OLAV SELAND

Før den annen verdenskrig hadde det norske forsvaret lite bruk for kunnskaper i andre fremmedspråk enn de vanlige gymnassspråkene engelsk, tysk og fransk, som offiserer trengte for å kunne studere ved utenlandske stabskoler og eventuelt gjøre attachétjeneste. Det var ikke aktuelt med operasjoner utenlands. Våre svenske naboer kunne vi kommunisere med på norsk, og behovet for finstaltende kunne formodentlig dekkes av personell med finsk eller kvensk bakgrunn.

I etterkrigstiden ble Forsvaret stilt overfor en helt ny situasjon: Sovjetunionen var blitt en nabostat, Norge ble NATO-medlem, og invasjonstruselen hang over Europa i vel 40 år. Det norske forsvaret fikk et akutt behov for personell med russiskkunnskaper på høyt nivå.

«Det militære språkkurs i russisk» ble satt i gang i juni 1954. Bakgrunnen var Genèvekonvensjonen av 1949 om krigsfangers rettigheter, NATO-avtaler om behandling av krigsfanger og retningslinjer for bruk av fanger som etterretningskilde. Kurset var i begynnelsen en avdeling av Hans Majestet Kongens Garde og varte i 16 måneder, som var vanlig tjenestid for soldater i Hæren på den tiden. (Senere ble den 18 måneder.) Russiskkurset hadde også

enkelte offiserer og tjenestemenn fra andre statsetater som hospitanter.

De første to lærerne var Arne Aleksej Bredström Ansberg, som hadde russisk far og norsk mor, og Aleksej D. Perminow, en tidligere sovjetisk krigsfange. Perminow er fortsatt i full vigør, og hans virke har hatt stor betydning for russiskstudiene i Norge.

«Russisktroppen» var unektelig en noe fremmed fugl i Garden. De fleste elevene der var nok flinkere til å pugge gloser enn til å eksersere. En historie forteller at under et verdensmesterskap på Bislett ble russiskelevnene fra kull 3 beordret til å heise deltakerlandenes flagg. De to som skulle heise det sovjetiske flagget, heiste det først opp ned. Deretter måtte de ta flagget ned, men da det var kommet halvveis opp igjen, røk flaggsnoren, og flagget ble hengende på halv stang. Da svor visstnok gardesjefen på at de folkene skulle ut av Garden.

Gardesjefen fikk sitt ønske oppfylt da russiskkurset ble en del av den ny-startede Hærens skole i etterretnings- og sikkerhetstjeneste (HSES) i 1959. I 1970 ble den en felleskole for hele Forsvaret (FSES), og i 1979 fikk russiskkurset status som befalsskole. Omtrent samtidig fikk kurset eksamensrett, og det ble godkjent som likeverdig med

grunnfag (senere også med mellomfag) i russisk.

### Pedagogikken

Intensive språkkurs over 10–18 måneder skiller seg på mange vis fra språkundervisningen i vanlige skoler, hvor man har noen timer i hvert språk pr. uke gjennom flere år. Det militære språkkurs i russisk bygde i stor grad på amerikanernes erfaringer fra den annen verdenskrig. I USA hadde det oppstått et skrikende behov for å utdanne militært personell på kortest mulig tid til avanserte ferdigheter i en lang rekke språk, og amerikanerne utarbeidet etter hvert en modell for det. I motsetning til oss kunne ikke amerikanerne regne med at alle elevene hadde et sammenlikningsgrunnlag fra to–tre fremmedspråk allerede, og de valgte en pavlovsk tilnærming – ikke «education», men «training». Dette sto i sterk kontrast til både de klassiske metodene som enda dominerte i Europa, og «naturmetoden», som senere ble så populær. I et grunnkurs (som varte ca. 25 uker) skulle språkmønstrene drilles inn til de nærmest ble reflekser. Etter at de hadde fått en innføring i neste leksjons grammatikkmoment og språkmønstre, brukte elevene mange timer på forberedelser. Neste morgen ble de nye momentene internalisert gjennom timelange øvelser i et brutalt høyt tempo. Til hver dag måtte man lære utenat en dialog på 25–30 replikker. Dialogpuggingen bidro til god uttale, intonasjon og russisk ordstilling og banket inn idiomatiske uttrykk, «språklig etikette» og mønstre som kunne brukes til å generere nye utsagn. Hver dags leksjon inneholdt lesestykker som skulle refereres, emner for styrt samtale, setninger som skulle oversettes, og tolke-

øvelser. Strukturen i dagsleksjonen var omtrent den samme gjennom hele grunnkurset.

Elevene hadde 20–25 timers undervisning pr. uke. De ble undervist i små klasser, med meget tett oppfølging. Arbeidsdagene ble ofte lange – opp til 16 timer, og hver uke ble avsluttet med en prøve. Systemet førte til rask progresjon og meget gode resultater. Det fungerte fordi skolen tiltrakk elever som hadde stor læreevne og sterk motivasjon.

Et spesielt trekk ved den pedagogiske filosofien var at elevene ikke begynte med *fri* samtale før helt på slutten av grunnkursperioden. Tankegangen var at elevene ville ha grunnlag for å uttrykke seg på et tilnærmet korrekt språk først når alle vesentlige grammatikalske emner var drillet inn. Et «frislepp» på et tidligere tidspunkt ville kunne gjøre elevene mindre selvkritiske og fornøyd med et «pidginrussisk».

Den videregående perioden på ca. 20 uker hadde et sterkere preg av «education». Nå kom *fri* (men forberedt) samtale inn med full tyngde, og elevene kunne meget raskt håndtere ganske avanserte diskusjoner. Man arbeidet også med tolkeøvelser og oversettelser fra norsk til russisk og fra russisk til norsk, og da kurset var slutt, hadde elevene et ordforråd på 10–12 000 ord. I tillegg fikk elevene innføring i russisk historie, politikk, geografi og kultur. De fleste elevene tok etterpå russisk mellomfag eller storfag på et av universitetene, men relativt få ble slavister. Elevenes profesjonsstudier viser stor spredning.

Forsvaret fikk aldri bruk for russisk-elevenes ferdigheter i en krigssituasjon. Det viktigste ved russiskkurset har nok

vært at det har skaffet det norske samfunnet kompetanse. Russiskkurset har rekruttert en meget stor del av den betydelige Russlands-ekspertisen som Norge har hatt de siste femti årene, innen diplomati, statsvitenskap, journalistikk, filologi, økonomi, jus og andre fag.

### Nye utfordringer

På nittitallet forsvant i stor grad «truselen fra øst». Mobiliseringsforsvaret ble nedbygd, og det var ikke lenger noen grunn til å utdanne personer som kunne avhøre eventuelle russiske

lynkurs som varte fra noen uker til noen få måneder. Deretter ble det nødvendig å starte kurs i albansk. Ettersom det nå er færre norske militære på Balkan, er disse kursene innstilt. Men i 2004 startet det første kurset i arabisk, og i 2007 kurs i dari (den afghanske varianten av persisk) og pashto, de to viktigste språkene i Afghanistan. På samme måte som russiskkurset er arabiskkurset nå en befalsskole med to års militær og språklig utdanning og to års plikttjeneste. De neste kullene i dari og pashto kommer til å følge samme modell.

- 
- «I 2004 startet det første kurset i arabisk, og i 2007 kurs i dari og pashto, de to viktigste språkene i Afghanistan.»

krigsfanger. Samtidig økte forbindelsene med Russland på alle områder, også på det militære, med gjensidige inspeksjoner, felles militære øvelser og redningsøvelser og utveksling av besøk på alle nivåer. Kullene er i dag mindre, men den kombinerte militære og språklige utdanningen er blitt forlenget til to år med to års plikttjeneste etterpå.

Samtidig ble det norske forsvaret mer og mer rettet mot å delta i internasjonale operasjoner, og skolen måtte på kort varsel innstille seg på å starte undervisning i nye språk. Det første nye språket ved skolen ble serbokroatisk, eller bosnisk-kroatisk-serbisk, som det nå skal kalles (med navnene på språkene i alfabetisk rekkefølge). De slaviske språkene er nær beslektet med hverandre, og i Norge som i mange andre land valgte man snarveien: å «omskolere» russiskkyndig personell til bosnisk-kroatisk-serbisk gjennom

FSES har aldri hatt ressurser til å utvikle egne læremidler i språk. Man må kjøpe, låne eller improvisere. Serbokroatisk og arabisk er undervisningsspråk på norske universiteter, og det er mulig å finne brukbare læreverker på skandinaviske språk eller engelsk. For albansk og dari finnes det færre læremidler, og for pashto nesten ingen ting. For alle disse språkkursene måtte det gjøres et stort forberedelsesarbeid, både i forkant og under kurset. Selv når man har brukbare læreverker, må oppleggene tilpasses rask progresjon og voksne elever. Lærerne har gjort et stort pionerarbeid. De har måttet løse problemene på noe forskjellig måte, og derfor er det vanskelig å si noe generelt om pedagogiske modeller.

Et annet stort problem har vært å finne kvalifiserte lærere i enkelte av disse språkene. Selv mye større land enn Norge har problemer med dette, men hittil har FSES klart å gjøre det på

en tilfredsstillende måte, blant annet gjennom et godt samarbeid med universitetsmiljøene.

Ett lyspunkt er at Internett gir nærmest ubegrenset tilgang på autentiske tekster på alle de aktuelle språkene. Skolen har også hatt utbytte av samarbeid med militære språkskoler i naboland og andre NATO-land.

### «Språkpoolen»

Man kan dekke noe av behovet for språkkompetanse i et innsatsområde ved å rekruttere innvandrere som har aktuelle eller mulig aktuelle språk som morsmål og samtidig meget gode norskkunnskaper. Forsvaret har begynt å bygge opp en begrenset pool av slike personer, som inngår en beredskapskontrakt med Forsvaret. Men dette er ikke problemfritt. I noen av de «nye» innvandregruppene har få av dem som kunne tenke seg å delta i en pool, tilfredsstillende norskerferdigheter og tilstrekkelig høyt generelt utdanningsnivå for en slik tjeneste. Nyten av flyktninger kan også være begrenset fordi flyktninger gjerne tilhører en part i en pågående konflikt i sitt hjemland og kan få problemer med å forholde seg nøytrale eller med å bli oppfattet som nøytrale eller «norske» av lokalbefolkningen.

### Perspektiver

Våre regjeringer har, uansett politisk farge, i de senere årene hatt økende ambisjoner om å bidra militært til fred og stabilitet i deler av verden som vi tidligere har interessert oss lite for. Hele vår stående militære organisasjon er nå innrettet mot internasjonal tjeneste, og norske bidrag er etterspurt i stadig nye sammenhenger. Dette stiller store krav til språkmiljøet ved FSES.

Når ordren om å iverksette undervisning i et nytt språk kommer, er behovet akutt. Skolen kan ikke holde en fast stab av lærere i språk som det *kanskje* kan bli behov for. Man må løpende vurdere hvilke innsatsområder som kan bli aktuelle, og prøve å planlegge det som i så fall må gjøres (anskaffe kursopplegg og ansette lærerkrefter) for å komme i gang fortest mulig.

Jeg håper at de nye militære språkkursene, på samme måte som russiskkurset, i tillegg til å løse akutte militære behov, vil få betydning for det norske samfunnet som helhet. FSES utdanner personell som ikke bare skal ha ferdigheter i språk som har vært lite kjent i Norge, men også grunnleggende kunnskap om kultur, religion og historie i noen av de eldste høykulturene i verden. Vi har fått dem inn på livet, de kommer til oss, og vi blander oss inn i konflikter på deres områder. Vi må lære å forstå dem – språkene, kulturene, konfliktene, og menneskene – for ikke å trå katastrofalt feil.

Norge hadde militære styrker i Midt-Østen (Gaza og Libanon) fra 1956 til 1998, uten å utdanne eget personell i arabisk. Jeg tenker ofte på hvilken ekspertise på den arabiske verden Norge i dag kunne hatt dersom Forsvaret hadde holdt kurs i arabisk siden 1956.

.....

Johan Olav Seland er førsteamanuensis i russisk ved Forsvarets Skolesenter / Forsvarets skole i etterretnings- og sikkerhetstjeneste.

## Danskar er ikkje så liberale likevel

Prosjektet «Moderne importord i Norden» er ei undersøking av korleis nordbuane reagerer på engelske importord i språket. Når danskane blir spurde direkte om haldningane sine, er dei ikkje så negative til engelsk. Men når dei høyrer ei nyhendeopplesing, viser det seg at dei likevel reagerer svært negativt på at opplesaren brukar engelske ord i staden for danske. I tidlegare nordiske granskingar har danskane vore dei mest positive til påverknad frå engelsk, så resultat i importordprosjektet var overraskande. I granskinga er nordmenn meir positive til engelskpåverknad enn danskane.

<http://moderne-importord.info/>

## Nynorskboeker manglar til skulestart

Ved mange skular er det berre bokmålselevane som har fått skulebøkene sine i tide. Nynorskelevar har måtta vente, i år som mange år tidlegare.

– Dette krenkjer dei språklege rettane til elevar som brukar nynorsk, seier fagkoordinator Sigfrid Tvitekkja i Språkrådet. Det er fylkeskommunane som etter opplæringslova har ansvaret. Fylkeskommunane (skuleeigarane) skal syte for at læremiddel ligg føre i begge målformer til same tid og pris. Språkrådet meiner at rutine for kartlegging av lærebokstoda og oppfølging av ansvaret ikkje er gode nok.

## Duden på topp

Rettskrivingsordboka *Duden* har lege på bestseljarlista for fagbøker i Tyskland i 100 veker, melde nyhendebyrået Meltwater News i juli. Sidan det 24. opplaget av standardverket *Duden – Die deutsche Rechtschreibung* kom ut i juli 2006, er det selt ikring 2 millionar eksemplar av denne rettskrivingsboka på over 1000 sider.

Konrad Dudens *Vollständiges orthographisches Wörterbuch der deutschen Sprache*, den såkalla *Ur-Duden*, kom ut første gongen 7. juli 1880 på forlaget Bibliographisches Institut i Leipzig.

Ordboka har no ca. 130 000 oppslagsord med opplysningar om bøyning, uttale, etymologi og stilnivå. Boka inneheld også informasjon om språkskilnadene i det tyskspråklege området og den fullstendige teksta til den tyske rettskrivingsreforma.



# Ein nynorsk pioner

Aasta Hansteen (1824–1908) var kvinnesakskvinna som skreiv lesebøker på landsmål før nokon andre, og som ville få Ivar Aasen til å slutte å lage ordbøker.

■ ELI BJØRHUSDAL

På byrjinga av 1860-talet var det enno magert på målfronten. Ivar Aasen hadde fått ut nokre skrifter, og Aasmund O. Vinje hadde tort seg frampå med landsmålsavisa *Dølen*. Eit par verk og pamflettar på halvnormønt og bygdemål var òg lanserte.

Diskusjonane etter desse utgjevingane kring 1860 utgjer den fyrste større, offentlege målstriden i Noreg. No kom det open motstand mot det nye skriftmålet, både fordi det vart klart at det ikkje lenger var eit språkleg eksperiment, men eit alternativ, og fordi målflokken hadde byrja å organisere seg i dei største byane.

I denne absolutte pionertida for nynorsken kom ei merkverdig bok – *Skrift og Umskrift i Landsmaalet* (1862), utgjeven anonymt. Snart visste likevel heile det intellektuelle Kristiania kven som stod bak: Aasta Hansteen, ei kvinne, jamvel frå hovudstaden! *Skrift og Umskrift* var altså ei av dei aller fyrste bøkene på landsmål, og Aasta Hansteen må truleg reknast som Noregs fjerde målforfattar. Den tredje var Eirik Sommer.

## Frå *Asta* til *Aasta*

Aasta Hansteen var mellom dei fyrste kvinnene i norsk søge som tok bladet frå munnen og våga seg ut i offentlig debatt. Det gjorde ho ikkje ustraffa.

Hundre år etter at ho døydd, er ho framleis mest kjend som frittalande kvinnesakskvinne og som modell for Gunnar Heibergs skodespel om den nærast halvgalne Kristiania-peparmøya *Tante Ulrikke* (1884). Mange samtidige kommenterte mustasjen og ølvomma hennar, og det er ei kjend sak at ho promenerte i bygatene medan ho skravla med seg sjølv og slo etter fattigutane med paraplyen. Og var ho ikkje eigenleg lesbisk? Og kjærasten til Ivar Aasen?

Ho var fødd inn i Noregs intellektuelle elite. Far hennar, Christopher Hansteen (1784–1873), var professor i astronomi og matematikk og ein av dei fyrste store vitskapsmennene i landet, og slekta hennar stod heilharta på Welhaven og «Intelligenspartiet» si side i 1830-åra. Christopher Hansteen finansierte ei relativt lang kunstutdanning for dotter si, og frå midten av 1840-talet arbeidde ho særleg med portrettmåling. Men frå 1860 vart det jamt stogg. Ho skifte namn frå det danske *Asta* til det norske *Aasta*, slutta å måle og tok til å skrive på og arbeide for landsmål. Fleire har meint at engasjementet hennar slik tok ein heilt ny veg, og har såleis spurt seg om kvifor dette hende. Eit døme er Anna Caspari Agerholt, som i si epokegjerande kvinnehistorie frå 1937 hevdar at Aasta



Hansteen «hadde ikke vedholdenhet i noe». Og når kunsthistorikaren Anne Wichstrøm i 1984 drøfter kvifor Aasta Hansteen slutta å måle og tok til med landsmål kring 1860, viser ho til det Hansteen sjølv karakteriserer som eit nervøst samanbrot i 1856. Hansteen fortalde at det einaste ho greidde å arbeide med, var målsaka «som om den krevde mindre enn maleriet», tilføyer Wichstrøm.

### Landsmålsproduksjon

No kan det ikkje ha kravt så reint lite for ei vaskeekte norsk-dansk embetsmannsdotter frå Kristiania å lære seg det nye skriftmålet til Ivar Aasen, og det er ikkje usannsynleg at ho gjekk nettopp til *han* for å få hjelp. Det fyrste Aasta Hansteen gjorde på landsmål, var å få på trykk ei omsetjing av Bjørnsons *Faderen* i bladet *Folkevennen* i 1860, som Søren Jaabæk (1814–1894) gav ut. Arbeidet med *Skrift og Umskrift* var truleg i gang på dette tidspunktet. I Ivar Aasens dagbøker finn me Aasta Hansteen nemnd frå november 1861, då ho var hjå han og fekk merknader til manuskriptet. På nyåret i 1862 fekk Aasen «Nyt Besøg af jf. [jomfru] Hansteen», og seinare same året skreiv han at han har skaffa seg boka. Ivar Aasen fylgde altså dette skriveprosjektet og har truleg hatt sitt å seie for Aasta Hansteens landsmålskunnskapar.

*Skrift og Umskrift* vart likevel ingen bestseljar. Ein del av stykka er uoriginale – her finst utdrag frå Bjørnsons *Arne* og folkeeventyr frå samlingane til Asbjørnsen og Moe, dessutan omsetjingar av dikt av Welhaven, Wergeland, Jørgen Moe og Andreas Munch. Det å setje om kjende norsk-danske stykke til landsmål var ikkje ein uvanleg strategi i den tidlege målrørsla: Ein trudde

at folk ville verte meir positive til målet om dei møtte det i tekstar dei kjende frå før. Sjølv har Aasta Hansteen skrivne ein målpolitisk argumenterande tekst og tre propagandadikt for landsmålet.

Mottakinga skriftet fekk, var ikkje eintydig. Paul Botten-Hansen (1824–1829) i *Illustreret Nyhedsblad* ville ikkje heilt forkaste boka til Hansteen, men kunne ikkje skjønne kvifor kreftene skulle «splittes paa et uendeligt Oversættelværk i Kredsen af det allerede Forhaandenværende». Presten og folkeviseutgevaren Magnus Brostrup Landstad (1802–1880) var langt meir positiv i meldinga si i *Morgenbladet*: Tekstutvalet var «meget heldigt», omsetjingane sameleis, og målforma var «[...] behandlet med megen Kyndighed og Formerne nyttede med Maadehold». Landstad meinte det var «[...] saare ønskeligt og tidsmæssigt, at der nu i Skolerne – ei blot i Almueskolerne – kunde være Anledning til at lade Børnene læse noget i Landsmaalet». Truleg var dette alt som vart skrivne om *Skrift og Umskrift* etter utgjevinga, men det kunne vore verre. Vinjes *Ferdaminni* frå 1861 vart berre nemnd med eit par notisar i avisene, og sameleis fekk korkje Aasens *Symra* eller Vinjes *Diktsamling* mykje merksemd. Då dei kom ut i 1863, var det berre *Illustreret Nyhedsblad* som vyrde dei.

Fleire større landsmålsverk vart det ikkje på Aasta Hansteen. To uprenta manus med dikt vart liggjande, men ho fekk sendt mange av landsmålsdikta sine til *Syn og Segn*, der dei vart prenta i 1908. Det største ho arbeidde med, var likevel *Lesebok i Landsmaalet*, som ho freista å få gjeve ut i 1867. I eit brev til bergensmålmannen Henrik Krohn (1826–1879) fortel ho at ho har skaffa tekstar frå dei fremste samtidsforfatta-

rane. Ho skriv òg at boka skal innehalde ein grammatikk og ei ordliste, noko som gjev særleg grunn til å tru at Ivar Aasen har vore kopla til prosjektet. Det hjelpte likevel lite – boka kom aldri ut.

Aasta Hansteen var truleg den aller fyrste som tok opp arbeidet med ei lesebok på landsmål. Det å få gjeve ut didaktiske tekstar på landsmål er ein tunn, men likevel raud tråd i målstrevet hennar, ettersom òg *Skrift og Umskrift* er ein lesestykkeantologi. I 1865 hadde Hansteen ein diskusjon med Ivar Aasen om landsmålslesebøker – ho freista å få han til å leggje bort vitskapen og ord-bokarbeidet til fordel for skjønnlitterær

Som me har sett, hadde Aasta Hansteen òg kontakt med Henrik Krohn, som var den leiande målmannen i Bergen. I målmiljøet i Kristiania ser det ut som om ho heldt seg med den radikale Olaus Fjørtoft-tilhengjaren Jens Rolvsson og presten Landstad.

### Kvifor landsmål?

Mykje ved Aasta Hansteen var originalt og eksentrisk. Det tyder likevel ikkje at det politiske engasjementet hennar var feilslått, korkje når det gjeld målsak eller kvinnesak. Når ho kring 1860 vart målkvinne, var det nok av same grunn som andre norske intellektuelle vart

## «Aasta Hansteen hadde eit prosjekt med målarbeidet sitt – lesebøkene.»

skrivning: «Eg talade so varmt som eg kunde om kvor viktugt det var at hava nokra mynstralega skrifter i landsens mål», skriv ho til Henrik Krohn. Aasen høyrde likevel ikkje på det øyra.

Ivar Aasen var rettleiar for landsmålsskriftene til Aasta Hansteen både i 1862 og 1867. Etter at det gjekk dårleg med leseboka, er Hansteen ikkje nemnd i dagboka til Aasen før i 1873 – då er ho framleis ute etter manusmerknader. Både Hansteens og Aasens dagbøker syner at ho er hjå han for å få hjelp til utgjevingar fleire gonger seinare på 1870-talet, jamvel om me ikkje snakkar om landsmålsbøker. Aasta Hansteen oppsøkte altså Ivar Aasen for å få manushjelp og råd i språkpolitiske og faglege spørsmål, slik som så mange andre (menn) gjorde. Dette kan ha hatt sitt å seie for mytane om at ho gjekk på friarføter hjå han, mytar som gjer både Hansteen og landsmålsengasjementet hennar kuriøst og sært.

målfolk: Ho tok stilling i ein kvass offentleg kulturkamp, og ho hadde då òg eit *prosjekt* med målarbeidet sitt – lesebøkene. *Skrift og Umskrift* kom elles i ein liten flaum av landsmåls-skrifter etter 1860, då bylgjene etter målstriden hadde lagt seg. Alt i alt må ein kunne seie at Hansteens politiske virke ikkje var merkt av påfallande nevrologisk ambivalens, slump eller vantro «vedholdenhet».

.....

Eli Bjørhusdal er stipendiat i norsk ved Høgskulen i Sogn og Fjordane

# OM SPRÅKRÅDET

Språkrådet er statens fagorgan i språkspørsmål og er underlagt Kultur- og kyrkjedepartementet. Målet for arbeidet i Språkrådet er at norsk skal vere i bruk i alle delar av samfunnslivet også i framtida – og ikkje bli sett til sides av engelsk.

Vi vil gi det offentlege, næringslivet og folk flest tru på at norsk språk duger, og derfor arbeider vi for å auke kunnskapen om norsk språk. Dette gjer Språkrådet for å styrkje stillinga til det norske språket:

- Vi informerer på nettsidene og i publikasjonane våre om god og rett norsk
- Vi svarer på om lag 10 000 språkspørsmål på e-post og telefon i året
- Vi arrangerer konferansen Språkdagen kvart år for å skape debatt om aktuelle utfordringar for norsk språk
- Vi har ei eiga språkteneste som gir råd til statstilsette om korleis dei kan skrive klart og godt
- Vi arbeider for at ikt-produkt skal byggje på norsk tekst og tale, og for å utvikle norskspråkleg fagspråk og terminologi
- Vi gir diplom til næringsdrivande som har gitt verksemda eit godt, kreativt norsk namn
- Vi godkjenner ordbøker og ordlister til bruk i skulen
- Vi fører tilsyn med at alle statsorgan følgjer krava til fordeling av bokmål og nynorsk
- Vi gir råd om korleis stadnamn skal skrivast på kart og vegskilt
- Vi samarbeider med offentlege og private institusjonar om tiltak som styrkjer bruken av norsk
- Vi forvaltar rettskrivinga i nynorsk og bokmål og følgjer med på korleis språket utviklar seg

Direktøren i Språkrådet er leiar for 30 tilsette. Styret i Språkrådet er utnemnt av kulturministeren. Språkrådet har fire fagråd som er referansegrupper med språkkunnelege og språkengasjerte personar frå heile samfunnet. Fagråda gir innspel og råd om saker på sine fagfelt.

[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)

SPRÅKRÅDET  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

TELEFON: 22 54 19 50  
TELEFAKS: 22 54 19 51

ANSVARLEG REDAKTØR:  
Sylfest Lomheim

INFORMASJONSSJEF:  
Svein Arne Orvik

REDAKTØRAR:  
Svein Nestor  
[svein.nestor@sprakradet.no](mailto:svein.nestor@sprakradet.no)

Åsta Norheim  
[asta.norheim@sprakradet.no](mailto:asta.norheim@sprakradet.no)

ABONNEMENT OG  
ADRESSEENDRING:  
[post@sprakradet.no](mailto:post@sprakradet.no)

Signerte artiklar frå  
eksterne skribentar står  
for forfattaren sitt syn.

OPPLAG: 25 000  
Tekstene i dette nummeret  
finst òg på Internett:  
[www.sprakradet.no](http://www.sprakradet.no)

Redaksjonen avslutta  
17.9.2008


FORM: Grafisk Form  
TRYKK: 07 Aurskog

ISSN 0333-3825

OMSLAGSBILETE:  
Foto © Bjarne Nygård /  
Samfoto  
Fire nummer i året

B

NORGE/NØREG



## HISTORIA BAK

### HØST OG HØST

*Høst* betyr både 'årstid mellom sommer og vinter' og 'avling', og en kan lure på om årstida har fått navn etter avlinga eller avlinga etter årstida.

Til substantivet *høst* hører to verb, ett til hver betydning av substantivet: *å høste*, som betyr 'samle inn avling', og *å høstes*, som betyr 'bli høst'. Engelsk har *autumn* (som er lånt fra fransk *automne*) om årstida, og *harvest* om avlinga. Det tyske ordet *Herbst* ligner mye på *harvest*, men betegner årstida. Ordet for 'høst' i betydningen 'avling' er *Ernte*.

*Harvest*, *Herbst* og *høst* har *h* og *st* felles og er i slekt med hverandre. Men i *høst* har det elementet som tilsvarte henholdsvis *rv* og *rb* i de mer opprinnelige formene *harvest* og *Herbst*, falt bort.

---

RETURADRESSE:  
Språkrådet  
Postboks 8107 Dep  
0032 OSLO

ISSN 0333-3825